



Månadsbrev mai 2025

I april koste alle seg på **alpindag**, dei tre gutane lærte mykje på **livsmeistringskonferansen** og det var innhaldsrik **påskevandring** og **morgonsamling** om påske. **Verdas bokdag** var kjekk og delt delvis inn klassevis. Her vart det både symjetime, musikk, bokkafé og masseproduksjon av bokmerke. God lesing! På **energidagen** var ungdomsskule-elevane særskilt engasjerte og aktive. Gutane som besøkte neste års førsteklassingar i barnehagen, bygde m.a. sandslott og er klare for **fadderansvaret** til hausten.

Mai startar med fri fredag 2. Bruk han godt! Fredag 9. mai er det **karneval** dei tre siste timane. Elevrådet arrangerer karnevalet, og ynskjer at dei ulike klassane fokuserer på ulike tema, så her er det berre å byrja planlegginga;

- 1.-4. klasse: Sirkus
Mellomtrinn: Dei vaksne på skulen
Ungdomstrinn: Barndomsheltar
Lærarane: Kjendisar

Det blir SU-møte onsdag 14. mai, og mellomtrinnet har ansvar for **morgonsamling** torsdag 15. mai. Så blir det alvor for 10. klasse: 16. mai kl. 09.00 får dei vita kva fag dei kjem opp i til **skriftleg eksamen**. Då vert det anten matematikk 20. mai, norsk hovudmål og norsk sidemål 21. og 22. eller engelsk 23. mai. Lukke til! Dei reiser på avslutningstur til Rhodos saman med Terje og Åse-Berit første veka i juni, før **munnleg eksamen** 12. og **avslutningsfest** 19. juni.

Hugs **skuleonsdag** 28. mai før fri på Kristi himmelferdsdag 28. og 29. mai!

God 17. mai og andre fri- og heilagdagar!

Sinnes 01.05.25

Åse-Berit (rektor)

